

ÅRSRAPPORT 2014

— Mangfald, motivasjon og meistring —



Rehabiliteringssenter



Styret si samansetting

Styret har i 2014 hatt 7 medlemmer:

Styret ved RKHR 2014:

- Arve Due Lund, Styreleiar
- Børre Jacobsen, Nestleiar
- Ellen Marie Njøs Lillevangstu, Styremedlem
- Bjørn Lied Tønnesen, Styremedlem
- Aud Viken, Styremedlem
- Aage Ness, Styremedlem (repr. for tilsette)
- Kirsti N. Hellesøy, Styremedlem (repr. for tilsette)

Vara:

- Jofred Åsnes
- Gerd Dvergsdal
- Christine Nikøy, (vara repr. for tilsette)

Brukarutvalet

Brukarutvalet har fire medlemmer som representerer ulike brukarorganisasjonar. Utvalet har to møter årleg.

Brukarutvalet 2014

- Ivar Halland, leiar Hørselshemmedes Landsforbund, Sogn og Fjordane
- Øystein Ryningen Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
- Kari Ann Holme MS Forbundet, Sogn og Fjordane
- Turid Berge Vereide, Brystkreftforeningen, Sogn og Fjordane

Vara:

- Synnøve S. Engen Hørselshemmedes Landsforbund, Sogn og Fjordane
- Hjørdis Åsnes Norsk Revmatikerforbund, Sogn og Fjordane
- Stein Magne Aksnes Kreftforeningen, Hordaland



Foto: Steinar Bauge

STYRELEIAREN HAR ORDET

I meir enn 20 år har rehabiliteringssenteret tilbydd spesialisert rehabilitering til eit stort mangfald av diagnosegrupper. Dei fyrste åra var senteret finansiert gjennom Folketrygda, men i 2006 fekk vi for fyrste gong avtale med Helse Vest om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester. Dei fyrste avtalane var kortvarige, og som styreleiar for selskapet såg eg fram til at senteret skulle få lengre avtarar og større forutsigbarheit. I sommar fekk vi ny avtale med seks års varigheit. Det er ei god avtale som har gitt oss høve til å utvide fagstab og spisse tilboda våre enda meir. Totalt har senteret no 90 medarbeidar, fem ulike helseprofesjonar samt sosialfagleg og spesialpedagogisk personale.

Det store tverrfaglege miljøet gjer det attraktivt for helsepersonell å søke jobb på senteret. Dei nye stillingane som vart oppretta i samband med ny avtale, var det rekordhøg søknad på. Mange som hadde gjennomført si turnustid hjå oss eller hadde vore her som praksisstudentar, søkte om å få jobb. Dei trakk fram at det var det tverrfaglege samarbeidet mellom fleire ulike profesjonar og tilnærminga ein brukar i rehabiliteringa, som gjorde det spesielt attraktivt å søke jobb her.

Styret for rehabiliteringssenteret følger debatten om kommunereforma og ansvar – og oppgåvefordeling mellom kommune og spesialisthelseteneste, med stor interesse. Kva rehabilitering skal kommunane få ansvar for og kva bør ivaretaast av spesialisthelsetenesta? Det er viktig at eit lite fagfelt ikkje blir skadelidande i iveren etter å gjennomføre reformer. Eg trur vi alle er opptatt av å kunne yte gode rehabiliteringstenester til dei som treng det. Nokon har behov for spesialiserte rehabiliteringstenester, andre vil kunne få eit godt nok tilbod der dei bur. Vi meiner vi her på Haugland har eit senter med spiss rehabiliteringskompetanse som leverer tenester av høg kvalitet. Dette tilbodet meiner vi det også vil vere behov for i framtida.

Arve Due Lund
Styreleiar

«Med trang og evne til senere selv at yde noget av værdi»

Frasa i overskrifta er henta frå Christian Bekker sitt testamente til Sogn og Fjordane Røde Kors. Eit testamente som danna grunnlaget for utvikling av aktiviteten på Haugland. Frå tidleg på 1980- talet til i dag, har vi sett ei rivande utvikling med stadig fleire aktivitetar i regi av rehabiliteringssenteret, UWC - skulen og forskingsselskapet vårt. Siste året har ein i tillegg fått eit nytt besøkssenter, UWC Connect, som vil gjere det mogleg for enda fleire å kunne ta del i mangfaldet på Haugland.

Institusjonane på Haugland har eit sams verdigrunnlag som går på å respektere kvart einskild individ og stimulere den einskilde til å ta i bruk sine ibuande ressursar. Som Kurt Hahn, grunnleggaren av UWC, sa det: "There is more in you than you think". Korleis kan ein, når livet buttar i mot, klare å finne fram til og bruke eigne ressursar til å skape eit meningsfylt liv? Det er noko av det vi vil bistå med på Haugland; skape eit miljø der ein kan få den bistanden

ein treng for å oppnå best mogleg funksjons- og meistringsevne for deltaking sosialt og i samfunnet.

På rehabiliteringssenteret tek vi imot fleire hundre brukarar kvart år, eit stort mangfald av pasientar både når det gjeld alder og diagnose. For mange av pasientane handlar det om å betre funksjonsevna for å meistre kvardagen. For mange er også arbeidsdeltaking eit viktig mål for rehabiliteringa. Arbeidsretta rehabilitering er eit tilbod der tilbakeføring til arbeid står i fokus. Gjennom fysisk aktivitet, samtalar, undervisning og praktisk arbeidstrening vert arbeidsevna bygd opp igjen. Korleis kan vi skape eit arbeidsliv der det er rom for alle å vere deltakande, til tross for dei skader eller lyter ein måtte ha?

I dag er det mykje fokus på at stadig fleire unge ikkje fullfører utdanninga og fell utanfor arbeidslivet. Tal uføretrygda i aldersgruppa 18- 25 år er veksande. Vi ser og at det er fleire og fleire unge som vert søkt inn her på senteret. Difor er vi no i gang med å

spisse oss enda meir mot denne målgruppa og planlegg no å starte opp med eigne gruppeopphald for ungdom.

Som ei inkluderande arbeidslivsbedrift har vi hatt høve til også å kunne ta i mot personar på arbeidstrening. Vi vil gjere det mogleg for dei som fell utanfor og satse på dei som andre har gitt opp. I eit miljø med stort mangfald, bygd på respekt for kvarandre, der ein motiverer den enkelte til å ta i bruk ressursane sine, er det nokon som finn at dei har nettopp «trang og evne til senere selv at yde noget av værdi».



Inger Johanne Osland
Direktør

MAT ER MEIR ENN VITAMIN OG MINERAL

Maten vi et er heilt grunnleggjande for liv, vekst og helse. Maten skal først og fremst dekke grunnleggjande behov for energi og næringsstoff, men og fremje god helse og førebygge sjukdom. God ernæringsstatus kan vere avgjerande for at pasienten skal oppnå best mogeleg effekt av dei øvrige rehabiliteringstiltaka. Som helseinstitusjon og rehabiliteringssenter har vi eit ansvar for å sikre at pasientane har eit mattilbod som samsvarar med desse behova. Dette veit vi, og difor legg vi til rette for at pasientane har tilbod om sunn, god og næringsrik mat i eit måltidsmiljø som bidreg til matlyst og trivsel. Difor føl vi og opp, og legg til rette for dei som har spesielle behov og utfordringar rundt ernæring, og difor sikrar vi at vi har eit kjøkken med kokkar og personell som kvar dag lagar sunn, god og næringsrik mat for alle, i tråd med Helsedirektoratet sine retningslinjer. Vi ynskjer at alle har eit best mogeleg utgangspunkt for å møte kvar dag her på senteret med overskot og glede, klare for å møte dei utfordringane og opplevingane dei gjev.

Men har vi og eit anna ansvar når det kjem til mat og kosthald? Eller heller; Kan vi ta eit større ansvar? Når alle ernæringsmessige behov er møtt, når alle vitamina, protein og fettsyrer er talde opp og gjort reie for, kan vi då sjå på maten og måltidet i eit større bilete? For mat er meir enn drivstoff. Mat er kultur, religion, sosialt, samvær, læring og identitet. Mat kan og vere vanskeleg, stressande og

problematiske; kanskje i større grad i dagens samfunn enn tidlegare. Med stort fokus på kropp og prestasjon, er maten blitt ein del av ein kultur som kanskje ikkje er berre helsefremjande. Vi har supermat, instamat, genmat, ja-mat og nei-mat. Det er eit evig jag etter det sunnaste, det beste og det perfekte. Kanskje held vi på å miste noko på vegen mot den sterkaste kroppen og det lengste livet? Kanskje gløymer vi at mat og måltid er noko meir, noko som ikkje handlar om fysisk helse, men som likevel er ein viktig del av livet. Kanskje risikerer vi å gløyme at måltidet har ein verdi i seg sjølv.

Vi ynskjer å vere ei motvekt, å vere tydelege på at ein «sunn» livsstil handlar om balanse, ikkje om gram, kaloriar og pulsmåling. Vi ynskjer å ta vare på det sosiale og kulturelle ved mat og måltid, og vi ynskjer å bruke dei fine rammene eit måltid gjev for læring, refleksjon, samhald og oppleving. Og vi ynskjer å gjere det ute i naturen, ute i friluft. Ingen-ting smakar så godt som mat laga på bål, eller ei nistepakke i fjæra, gjerne i samvær med andre. Å dele eit måltid, enten med seg sjølv eller andre er omsorg.

Måltidet forsterkar turopplevingar, og friluft forsterkar måltidet. Det siste året har vi prøvd å vere meir bevisste på dette, og i større grad

kombinere mat og uteliv. Det er blitt mange bål på utfuktene etter kvart, og pasientar og tilsette har lært at pinnebrød smakar aller best med grovt mjøl og litt krydder i. Fisk i folie er gourmetmat og bål-bakte eple med nøtter og sjokolade gir næring både til kropp og sjel. Kokekaffi er eit evig diskusjonstema: Kor mykje er eigentleg passe? Skal ein tygge kaffegrut, eller helst sjå botnen av koppen? Og er det juks å tenne opp bålet med papir?

Å lage og servere mat handlar om å gi rammer for fellesskap mellom menneske. Det handlar om tradisjonar og feiringar; dåp, jul, bryllaup og gravferd, alle dei store anledningane. Men og dei små i kvardagane. Og der er vi; på tur i lag ein heilt vanleg fredag. Desse turane og desse små måltida skapar samhald og kommunikasjon på ein måte som er vanskeleg å få til i ein forelesingssal eller ein gymsal. Vi har ro og tid. Mat og måltid er samlande og skapar rom for uformelt samspel mellom menneske i ei trygg setting på kryss av religion, kulturskilnadar og funksjonsskilnadar. Ei delt oppleving i kjende rammer, utan instruksjonar og sjølvfokus. Turen blir større, den blir noko meir og den blir rikare. Å nyte eit måltid ute i alt det naturen har å by oss og dele med oss gjev ein unik arena for ro, læring, mestring og utvikling. Lat oss fortsette å nytte oss av dei moglegheitene naturen rundt gjev oss for fleire slike samlingar framover. Måltidet gjer små turar større.



Foto: Oddmund Haugen, Fjaler Film

KREFTBEHANDLINGA VAR BERRE HALVE JOBBEN

May Aasebø Hauken har vore tilsett som stipendiat knytt til forskingsprosjektet «KaNo - Rehabilitering av unge kreftpasientar» sidan mai 2010. Forskingsperioden vart avslutta i 2013 og ho har etter dette jobba med publisering av resultat frå arbeidet. Disputasen var planlagt hausten 2014, men vart utsett til januar 2015. Hauken disputerte for PhD-graden ved Universitetet i Bergen, med avhandlninga: “The cancer treatment was only half the work!” – A mixed-method study of rehabilitation of young adult cancer survivors”. Unge vaksne (18-35 år) er i ein sårbar livsperiode og har høgare risiko

for fysiske og psykososiale seineffektar enn andre kreftoverlevandar. Gruppa er imidlertid lite utforska. Hovudformålet med avhandlninga var å få auka kunnskap om unge vaksne kreftoverlevandar sine utfordringar i tida etter behandling, samt utprøve eit spesifikt rehabiliteringsprogram.

Djupneintervju viste at unge kreftoverlevandar opplevde tida etter kreftbehandlinga som vanskelegare enn berekna. Resultata i prosjektet viste at dei rapporterte auka delta-king, auka livskvalitet og auka fysisk kapasitet etter rehabilitering.

Kunnskapen frå studien viser at helsepersonell bør førebu kreftoverlevandar til tida etter kreftbehandling, og at kunnskap om kreftoverlevandar sine utfordringar bør aukast både hos helsepersonell og i befolkinga generelt. Oppfølging av unge vaksne kreftoverlevandar bør vere tverrfagleg, der rehabilitering bør vere en integrert del av behandlingsforløpet.

Doktorgradsarbeidet vart utført på Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter i samarbeid med Hemil-senteret ved Universitetet i Bergen.



Foto: Hilde Genberg, UWC

Styrka samarbeid om ungdom som er råka av krig og konflikt

Dei har kvar si dramatiske historie og ein skade som brått endra livet. I dag lever dei fem ungdommane frå Nicaragua, Colombia og El Salvador eit aktivt liv på Haugland i Flekke. Dei er studentar ved den internasjonale vidaregåande skulen UWC Røde Kors Nordisk og får naudsynt rehabilitering på rehabiliteringssenteret.

I heimlandet ville dei ikkje hatt høve til å ta høgare utdanning, og rehabiliteringstilbodet der kan vanskeleg samanliknast med det dei får gjennom prosjektet «Survivors of Conflict». Sidan juli 2011 har to elevar årleg kome som deltakarar i prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt mellom UWC Røde Kors Nordisk, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter Norges Røde Kors og Haugland Internasjonale forskning

og utviklingssenter (HIFUS). Målet er at ungdommane gjennom utdanning og rehabilitering skal kome styrka tilbake i sine heimland og vere ein ressurs i deira lokalmiljø.

Koordinator Hilde Genberg, helse-søster Lena T. Solheim og fysioterapeut Kari Fismen samarbeider tett for å gjere elevane best mogleg i stand til å vere aktive og sjølvstendige. Og at dei er aktive, er det ingen tvil om – Mohammed frå Irak er truleg den ivrigaste fotballspelaren på campus og få held følgje med Yeison og Yerson frå Colombia på ski. Felles for desse tre gutane er at dei har amputert ein fot like under kneet. Melvin frå El Salvador vart lamma frå livet og ned då han vart skoten i ryggen for fire år sidan. Tre vennar vart drepne i det same angrepet. – Det var veldig vanskeleg etter ulykka, seier Melvin i dag. – Men eg har innsett at livet mitt ikkje er over. Det er mykje eg kan gjere. Edwin frå Nicaragua er også ein racer på ski. Dessutan har

han lært å symje og undervise norske leirskulebarn i snorkling – ein stor prestasjon, spesielt med tanke på at han har mista begge hendene og eitt auge.

Det viser seg at det ikkje er dei fysiske handikappa som er dei største utfordringane til deltakarane i prosjektet. Ein mangelfull skulebakgrunn, kombinert med dårleg engelskkunnskap gjer det til tider krevjande å følgje undervisninga. Ein har no difor utvikla eit førebuingår for dei av elevane som vil ha vanskar med å ta IB-diplom etter berre to år. Nytt av året er ein Ingen Grenser-tur, inspirert av Lars Monsen under prosjektuka i oktober, der ei gruppe elevar med og utan handikapp dro på tur med roing, padling og turgåing på og langs Flekkefjorden og Dalsfjorden. Denne turen gav meirsmak og førte til at vi oppretta ei «Ridder-gruppe» der funksjonsfriske og elevar med handikapp møtest kvar fredag ettermiddag, for å drive



Foto: Hilde Genberg, UWC

– Mohammed frå Irak er truleg den ivrigaste fotballspelaren på campus og få held følgje med Yeison og Yerson frå Colombia på ski.

aktivitetar ute i norsk natur og førebu seg til vintersport under Ridderuka på Beitostølen, følgt av sommarsport under Ridderdagene ved Sarpsborg. Innimellom planlegg vi også å få flest mogleg frå gruppa med på Røde Kors sitt til-topps arrangement til Galdhøpiggen i juni. Ein positiv effekt av Ingen grenser-turen og Riddergruppa er at andre elevar med fysiske handikapp som ikkje er del av Survivors of Conflict-prosjektet, har blitt meir aktive, medan funksjonsfriske har fått opp auga både for utfordringane, men også kva som er mogleg, for folk som har eit handikapp.

Survivors of Conflict

- Samarbeidsprosjekt mellom UWC Røde Kors Nordisk, HIFUS og Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter, sponsa av Norges Røde Kors gjennom rammeavtalen deira med Utanriksdepartementet.
- Prosjektet tilbyr ungdom som er skadde som følgje av krig eller konflikter, eller ungdom med funksjonshemmingar som på grunn av krig eller konflikter elles ikkje ville hatt tilgang til det, høve til utdanning og rehabilitering.
- Målet er at desse ungdommane skal komme styrka tilbake til heim-

landet og vere aktive i arbeidslivet og samfunnet elles. Vi håpar at dei vil ha ei positiv innverknad på synet på og tilbodet til personar med funksjonshemmingar.

- Prosjektet gir RKHR og UWCRKN høve til å samarbeide på det vi kan best: utdanning og helse, samstundes som forsking- og utviklingssenteret HIFUS, sikrar forskingsdata som evaluerer måloppnåing, både når det gjeld elevane og utviklinga av personalet og samarbeidet mellom institusjonane på Haugland.



Foto: Edmund Cluett, UWC

BESØK AV HM DRONNING SONJA

HM Dronning Sonja besøkte Haugland 03. og 04. april. Dronninga er UWC Røde Kors Nordisk sin høyeste beskytter og har støttet skulen heilt frå byrjinga av. I løpet av dei to dagane Dronninga var her, fekk ho både møte elevane, delta på kulturkveld og legge ned grunnstein på det nye besøkssenteret.

Vi var og heldige å få Dronninga på besøk på rehabiliteringssenteret. Her fekk ho både høyre om nye prosjekt på rehabiliteringssenteret og samarbeidet vi har med UWC. Vi er glade for den interessa Dronninga viser for rehabilitering og det arbeidet vi gjer på senteret.

NY FILM OM SENTERET

Vi har over lengre tid jobba for å lage ein informasjonsfilm om Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Vi engasjerte Oddmund Haugen ved Fjaler Film til oppdraget, og det vart eit godt samarbeid mellom han og senteret. Våren 2014 hadde vi ferdig ein kort versjon av filmen til bruk i marknadsføring, og ein lengre versjon meint for pasientane når dei kjem til senteret.

Den korte versjonen av filmen ligg på heimesida vår www.rkhr.no under **Pasient > Tilbodet vårt**.

Praksisstudentar

Vi har i 2014 hatt praksisstudentar og elevar frå følgjande skular:

- Høgskulen i Bergen, avdeling for fysioterapi
- Høgskulen i Bergen, avdeling for ergoterapi
- Høgskulen i Bergen, avdeling for idrett
- Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal, avdeling for idrett
- Høgskulen i Sogn og Fjordane, Førde, avdeling for sjukepleie
- Dale vidaregåande skule, avd. helse og sosial



Foto: Steinar Bauge

Driftsavtaler

Senteret har i 2014 hatt avtale med Helse Vest om levering av rehabiliteringstenester. Avtala omfattar to delavtaler; avtale om spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale innanfor Raskare tilbake-ordninga.

Avtale om spesialisert rehabilitering

Avtala omfattar totalt 59 plassar, og av dette er om lag fire plassar knytt til dagtilbod. Innanfor denne ramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Pasientar med føljetilstandar etter kreftsjukdom
- Pasientar med nevrologisk sjukdom
- Pasientar med muskel-/skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar
- Pasientar med tinnitus
- Pasientar med sjukleg overvekt

Avtale innanfor Raskare tilbake ordninga

Avtala omfattar 11 plassar inkl. ein dagplass. Avtala vart forlenga frå 31.12.13 til 31.12.14.


Driftstilskot til lymfødempoliklinikk

Senteret har driftstilskot frå Askvoll kommune og Fjaler kommune for å drive lymfødempoliklinikk. Tilbodet gjeld komplett fysikalsk lymfødembehandling (KFL), samt rettleiing etter kreftbehandling. Poliklinikken gjev tilbod til pasientar som ikkje er innlagt ved senteret, i tillegg til undervisning og lymfødempvurderingar/behandling til inneliggande pasientar.

Poliklinikken gir rettleiing til fysioterapeutar i kommunehelsetenesta i fleire kommunar som har pasientar med lymfødempromblematikk.

ALDERSFORDELING


Gjennomsnittsalder på pasientane i 2014 var 49 år. 53 % av pasientane var under 50 år.



DIAGNOSEFORDELING

Svulstar	5,7 %
Nevrologi	9,4 %
Muskel skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar	55,2 %
Tinnitus	1 %
Sjukleg overvekt	14%
Andre diagnoser	15,5%

15,5 % av pasientane var fordelt på andre diagnosegrupper, i hovudsak med diagnose nevrasteni, kronisk smerte eller uvel/trøttleik



PASIENTEVALUERING


Senteret gjennomfører brukarundersøking for å kartlegge pasientane sin tilfredsheit med tilboda på senteret. Skjemaet er utarbeidd av Kunnskapssenteret og har spørsmål både om fagleg kompetanse, bemanning, standard og aktivitetstilbod. Pasientane fekk i 2014 med seg skjemaet når dei reiste frå senteret og skulle sende tilbake innan ei veke etter avslutta opphald. Svarprosenten i 2014 var 57,8 % som er ei auke frå året før (52 %).

Vi set pris på dei tilbakemeldingane vi får frå pasientane og er glade for at mange er nøgde med tilbodet. Tilbakemeldingane blir nytta i det kontinuerlege forbettringsarbeidet ved institusjonen.

GEOGRAFISK FORDELING

I 2014 kom totalt 99 % av pasientane som var på opphald ved senteret frå Helseregion Vest. 63 % av pasientane kom frå Hordaland, 27 % kom frå Sogn og Fjordane og 9% frå Rogaland. 1% kom frå andre helseregionar. Vi ser lita endring på den geografiske fordelinga frå år til år.

Når det gjeld fordeling på kommunar, var det flest pasientar frå Bergen kommune, 28 % av totalt 1305 pasientar. Etter Bergen var det flest frå Fjell kommune i Hordaland (4 %) og Førde kommune i Sogn og Fjordane (3 %). Vi ser ei auke i tal pasientar frå Fjaler kommune (22pasientar) samanlikna med 2013 (12 pasientar).



FORSKING OG UTVIKLING

Kreftrehabilitering

I forlenginga av KaNo-prosjektet (2010-2013) har to mastergrads-studentar kopla seg til prosjektet. Ei av dei er leiande fysioterapeut hjå oss, knytt til Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ho undersøker nytta av kognitiv terapi hjå gruppa unge kreftpasientar, og leverer masteroppgåva våren 2015. Den andre er student ved Universitet i Bergen og var ferdig med si masteroppgåve våren 2014. Ho har no fått eit dr. gradsstipend til å fortsette med forskning på denne pasientgruppa.

Sjukleg overvekt

I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane har vi hatt pågåande forskning på pasientar som deltar i livsstilsendingsprogram ved senteret. To dr. gradsstipendiatar har sett på nytte/effekt av livsstilsendring som behandling av pasientar med sjukleg overvekt. Eivind Aadland var ferdig med sitt arbeid hausten 2013 mens Randi Jepsen er i slutfasen av sitt arbeid og skal etter planen disputere våren 2015.

Arbeidsretta rehabilitering

I samarbeid med nasjonalt kompetansesenter for arbeidsrette rehabilitering blei prosjektet «Kognitiv fungering innen arbeidsretta rehabilitering» starta opp i 2014. Det er tilsett fysioterapeut i 50 % stilling for gjennomføring av testar og oppfølging av prosjektet internt hjå oss.

Funksjonsvurdering

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, Ergotest Innovation AS, stiftinga Teltek og Høgskulen i Sogn og Fjordane samarbeider om

eit prosjekt der ein ønskjer å bruke multivariate statistiske metodar for integrasjon av data frå ulike typar måleinstrument og data som elles blir henta inn gjennom eit pasientforløp. Dette for å kunne diagnostisere meir nøyaktig, følgje pasientforløpa tettare og evaluere effekt av behandling endå betre enn det ein gjer i dag.

Forprosjektet blei innvilga kvalifiseringsstøtte frå Oslofjordfondet, og datainnsamlinga blei gjennomført på pasientar som var til livsstilsbehandling ved senteret i mai/juni 2014. Forprosjektet er i ferd med å ferdigstillast, og konklusjonane er svært positive. Det blir jobba mot å søke støtte til eit hovudprosjekt frå Norges forskingsråd i 2015.

Samhandling

Samhandling mellom spesialistinstusjon og andre aktørar er eit prosjekt som starta opp i 2008 og delt i fire delprosjekt. Del 1 vart ferdigstilt i 2010 og del 2 var ferdig i 2013. Både delprosjekt 3 og delprosjekt 4 vart ferdigstilt i 2014.

Delprosjekt 3: Utprøving av modellen som blei presentert i delprosjekt 1. Overordna mål var å skape eit samanhengande og heilskapleg rehabiliteringsforløp. Vi testa ut ein modell der vi auka dialogen og samhandlinga mellom pasienten, fastlege, NAV lokalt og Haugland Rehabiliteringssenter før, midt i og ved slutten av eit rehabiliteringsopphald. I tillegg til bruk av videokonferanseutstyr, testa vi og ut bruk av telefonkonferanse. Prosjektet vart forskingsmessig evaluert ved kvalitativ metode. Prosjektrapport ferdig 1. april 2014.

Delprosjekt 4: Utprøving og evaluering av samhandling med pasientens arbeidsgjevar og NAV som en del av arbeidsretta rehabilitering. Målet var å lette tilbakeføring til arbeidsplass etter sjukemelding. Prosjektet vart ferdigstilt med rapport april 2014.

Survivor of conflict

I samarbeid med UWC Red Cross Nordic og Haugland Internasjonale Forsking- og utviklingssenter (HIFUS) fekk vi vidareført midlar frå Norges Røde Kors til prosjektet «Survivor of conflict» for tre nye år. Prosjektet gjev moglegheit for ungdom som på grunn av sine skader ikkje får fullgod utdanning i sine heimland, moglegheit til å få utdanning og rehabilitering på Haugland. I 2014 har det vore fem studentar i programmet.

KURSAKTIVITET PÅ SENTERET

Kognitiv terapi Trinn 1

Hausten 2014 starta vi opp ny vidareutdanning i kognitiv terapi trinn 1 ved senteret. Kurset er arrangert i samarbeid med Norsk Forening for Kognitiv Terapi. Målgruppa for kurset er personar med 3-årig helse- og sosialfagleg utdanning.

Kreftomsorg og lindrande behandling

I mai 2014 hadde vi lokal samling i nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane. Samlinga vart halde på senteret, og vi sto som medarrangør saman med Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest.

Fagdag nevrologi

I september 2014 vart det arrangert fagdag i samarbeid med Helse Førde. Tema var samarbeid om tilbodet til pasientar med nevrologisk sjukdom og utvikling av rehabiliteringstilbod til pasientar med hjerneslag.

I tillegg har tilsette ved senteret bidrege med foredrag/ innlegg ved ein del eksterne fagdagar, seminar og konferansar. Vi har og tatt imot hospitantar frå ulike delar av helseregion Vest.

Publikasjonar i 2014

• Hauken M., Holsen I. Fismen E., Larsen T.B (2014): Living a good life as a cancer survivor, Cancer Nursing , Volume 00, No 0, s.1 – 13.

• Jepsen R., Aadland E., Robertson L., Kristiansen M., Andersen J.R., Natvig G.K, (2014): Factors and associations for physical activity in severely obese adults during a two-year lifestyle intervention, PeerJ, DOI 10.7717/peerj. 505, s. 14-17

NETTVERKSARBEID

Vi har i 2014 vore representert i:

- Nasjonalt fagråd for arbeidsretta rehabilitering
- Nasjonalt nettverk for kreftrehabilitering
- Nasjonalt nettverk for arbeidsretta rehabilitering
- Referansegruppe for regional kompetansesenter for habilitering og rehabilitering

- Nettverk for nevrologi, Sogn og Fjordane
- Ressursnettverk for sjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling, Sogn og Fjordane
- Arbeidsutval for «Møteplassen for habilitering og rehabilitering», Helse Førde HF
- Arbeidsgruppe for revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering, Helse Vest

I tillegg har vi vore representert i Helseledirektoratet si referansegruppe for utarbeiding av rettleiar til forskrift om rehabilitering og habilitering, individuell plan og koordinator, samt referansegruppe for fritt rehabiliteringsval.

ÅRSMELDING FOR 2014

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og rehabilitering innan «Raskare tilbake» ordninga. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2014 er positivt med kr 3 838 129,-. Selskapet har i 2014 hatt ei auke i egenkapital frå kr 5 621 391,- til kr 9 459 521,-. Ein har søkt om skattefritak og ventar på svar på denne.

3. Framleis drift

Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades og dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen. Selskapet har fått ny driftsavtale med Helse Vest RHF gjeldande frå 01.01.15 til 31.12.20.

4. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2014 var på 5,3 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

Gjennomsnittleg tal årsverk var 60. Gjennomsnittleg tal tilsette var 81 av dette var 19 menn og 62 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlemmer. Fire menn og tre kvinner.

5. Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.


Balanse

EIENDELER	Noter	2014	2013
Anleggsmidler Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	379 414	361 577
Sum immaterielle eiendeler		379 414	361 577
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1	1
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	2 015 346	2 353 358
Sum varige driftmidler		2 015 347	2 353 359
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andeler	6	200 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		200 000	50 000
Sum anleggsmidler		2 594 761	2 764 936
Omløpsmidler			
Varer		337 231	212 500
Fordringer			
Kundefordringer		247 010	139 369
Andre fordringer	6	307 944	215 673
Sum fordringer		554 954	355 042
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	13 925 017	18 350 196
Sum omløpsmidler		14 817 202	18 917 738
SUM EIENDELER		17 411 963	21 682 675


	Noter	2014	2013
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital		2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital		2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		6 901 209	3 063 079
Sum opptjent egenkapital		6 901 209	3 063 079
Sum egenkapital	4	9 459 521	5 621 391
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 082 982	884 702
Betalbar skatt	8	1 439 209	1 206 995
Skyldige offentlige avgifter		2 362 770	2 267 287
Gjeld til selskap i samme konsern	6	0	8 600 000
Annen kortsiktig gjeld		3 067 481	3 102 299
Sum kortsiktig gjeld		7 952 443	16 061 283
Sum gjeld		7 952 443	16 061 283
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		17 411 963	21 682 675


Resultat


DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Noter	2014	2013
Driftsinntekter		53 448 173	51 808 545
Annen driftsinntekt		3 121 426	3 134 177
Leieinntekt	5	814 641	944 776
Sum driftsinntekter		57 384 240	55 887 497
Varekostnad		2 770 572	2 795 244
Lønnskostnad	2	34 633 729	33 700 763
Ordinær avskrivning	3	881 300	948 260
Annen driftskostnad	2,5	14 090 562	14 609 754
Sum driftskostnader		52 376 163	52 054 020
Driftsresultat		5 008 077	3 833 477
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		258 189	356 892
Annen rentekostnad		-6 765	-583
Netto finansresultat		251 424	356 309
Ordinært resultat før skattekostnad		5 259 501	4 189 786
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-1 421 372	-1 186 058
Ordinært resultat		3 838 129	3 003 728
ÅRSRESULTAT		3 838 129	3 003 728
Overføringer			
Overført til/-fra annen egenkapital		3 838 129	3 003 728
Sum overføringer		3 838 129	3 003 728



Arve Due Lund
Styreleder


Flekke, 3/3..... 2015


Børre Jacobsen
Nestleder


Aud Alice Viken
Medlem



Bjørn Lied Tønnesen
Medlem



Åge Henry Ness
Medlem



Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
Medlem


Kirsti Nordstokkå Hellesey
Medlem



Inger Johanne Bergstad Osland
Daglig leder


Arve Morten Due Lund
Styreleder



Børre Jacobsen
Nestleder



Åge Henry Ness
Medlem


Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
Medlem


Aud Alice Viken
Medlem


Inger Johanne Bergstad Osland
Daglig leder


Kirsti Nordstokkå Hellesey
Medlem


Bjørn Lied Tønnesen
Medlem

Noter

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak. Regnskapsprinsippene beskrives nedenfor.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Driftsinntekter er fratrukket merverdiavgift, rabatter og bonuser.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å ikke vere forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Note 2 – Lønn, godtgjørelser, antall ansatte, mm.

Lønnskostnad	2014	2013		
Lønn	28 301 187	27 211 681		
Folketrygdavgift	3 282 154	3 192 426		
Pensjonskostnader	2 441 012	2 812 403		
Andre ytelser	609 375	484 253		
Sum	34 633 729	33 700 763		
Antall årsverk	60	60		
Ytelser til ledende personer	Pensjons-Lønn	Annen kostnader godtgjørelse	Sum	
Daglig leder	781 806	15 501	6 337	803 644
Styrehonorar	128 795	0	0	128 795

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven

Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør kr 65.000. Godtgjørelse for teknisk regnskapsbistand og oppsett av ligningspapir utgjør kr 9 375. Honorar for andre tjenester utgjør kr 27 188.

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Løsøre	Sum
Kostpris 01.01	2 682 205	8 527 153	11 209 358
Tilgang i året	0	543 288	543 288
Avgang i året	0	0	0
Kostpris 31.12	2 682 205	9 070 441	11 752 646
Samla ordinære avskrivinger	982 204	7 055 094	8 037 298
Ekstraordinær nedskrivning	1 700 000	0	1 700 000
Bokført verdi 31.12	1	2 015 347	2 015 347
Årets avskrivinger	0	881 300	881 300
Prosentsats for avskrivning	10 %	10-20 %	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålydende	Eierandel	Stemmeandel
SFRK Eigedom AS	2 500 000	A	1,-	97,7 %	100 %
SFRK Eigedom AS	58 312	B	1,-	2,3 %	0 %
Totalt antall aksjer	2 558 312			100,0 %	100 %
Spesifikasjon av egenkapital:			Annen		
	Aksjekapital	egenkapital			Sum
Kapital 1.1.	2 558 312	3 063 079			5 621 391
Årets resultat		3 838 129			3 838 129
Kapital 31.12	2 558 312	6 901 209			9 459 521

Noter

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 5.104.392. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 412 500.

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Ansk. tidspunkt	Forretningskontor	Eier-/stemmeandel	Egenkapital pr. 31.12.13	Resultat pr. 31.12.13
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	08.06.1995	Fjaler	33%	-132 721	-182 530
Mellomverende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:					
Mellomverende pr. 31.12			2014		2013
Langsiktig fordring			0		0
Kortsiktig gjeld			0		8 600 000

Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfater bundne skattetreksmidler med kr 1 225 329.

Note 8 – Skattekostnad

Årets skattekostnad fremkommer slik	2014	2013	Endring
Betalbar skat	1 439 209	1 206 995	
Endring i utsatt skatt	1 439 209	1 206 995	
Skattekostnad	2 878 418	2 413 990	
Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2014	2013	
Driftsmidler	-1 393 240	-1 327 176	
Kundefordringer	-12 000	-12 000	
Sum	-1 405 240	-1 339 176	
Skattesats	27%	27%	
Netto utsatt skattefordel/-forpliktelse i balansen	-379 414	-361 577	-17 837

Selskapet har til behandling søknad om skattefritak hos skattemyndighetene.

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS som viser eit overskot på kr 3 838 129. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på grunnlag av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS per 31. desember 2014 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 9.mars 2015

Deloitte AS


Leif Kilnes
statsautorisert revisor



Rehabiliteringssenter



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • www.rkhr.no